


19 SEPT. 1990



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING

1989

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya og øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har 540 øyar, holmar og skjær, og har ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årskiftet 1989/90 hadde kommuna eit folketal på 8150.

6 av dei 8 øyane er no knytte saman med bruer som gjer det lettvisnt for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg med Rådhuset og kommuneadministrasjonen.

INNHALD.

KAPITEL.	Side
1. Rettledningstenesta si verksemd og funksjon	1
1.1. Kontoret	1
1.2. Personalet	1
1.3. Korrespondanse	1
1.4. Viktige prosjekt	1
1.5. Deltaking i råd og utval	1
1.6. Tenestereiser utanom eige distrikt	2
1.7. Nemnder og styrer for perioden 1988-91	2
1.8. Fiskerinemnda (møteverksemd)	3
2. Fiskarmanntalet	4
3. Merkeregisteret for Herøy	5
4. Fiskeflåten i Herøy	6
4.1. Ringnotflåten	6
4.2. Industritrål	6-7
4.3. Reke-trål	7
4.4. Bankline. Garn-og Kystflåten	8
4.5. Servise for fiskeflåten	9
5. Oppdrettsnæringa	10
6. Fiskeindustrien i Herøy	11
7. Garantikassen for fiskere	12-13-14
8. Lineegnesentraler i Herøy.	15
Tabell over levert fangst i Herøy 1989	16
Kart over oppdrettslokaliteter i Herøy	17

1. Rettledningstenesta si verksemd og funksjon.

1.1. Kontoret.

Kontoret ligg i sentrum av Fosnavåg. Det er rimelig god plass. Det er 2 kontorrom og eit mindre arkivrom. Eit av kontora er så stort at det kan nyttast til møterom for fiskerinemnda.

Utstyret er det vanlege som ein treng. I 1987 fekk kontoret data-anlegg (PC).

1.2. Personalet.

Kommunane Herøy, Hareid og Ulstein var frå 1. august 1975 eit rettleiardistrikt. Fra 1. januar 1979 vart distriktet delt og Herøy vart eige rettleiardistrikt. Leiaren hadde nemninga fiskerisekretær, da stillinga var kommunal med delfinansiering frå fylkeskommuna.

Fra 01.01.82. overtok staten stillinga.

Kontoret har i mestedelen av tida hatt kontorhjelp utan stillingshjemmel, løna av arbeidsmarkedsetaten.

Johnny Kvalsund har i 1989 vore ansatt som kontorfullmektig.

Delvis er han løna av kommuna og ein mindre del fra Fiskeridirektoratet. Fiskerirettleiar er Odd Sævik.

1.3. Korrespondanse.

Ved kontoret har det i 1989 vore sendt 780 utgåande brev.

Korrespondansen omfattar m.a. skriv til fiskarmantal, Garantikassa, Statens Fiskarbank, Fiskeridirektoratet, kommuna, Fiskerisjefen.

Og dei som naturleg er kontorets samarbeidspartnara.

1.4. Viktige prosjekt.

Ein kan ikkje peike ut spesielle prosjekt som er særskild viktige. Det er vel vanskeleg å seia at det eine er meir viktig enn det andre.

1.5. Deltaking i utvalg, råd.

Fiskerirettleiareren er sekretær for fiskerinemnda, Merkelovas tilsynsmann i Herøy, manntallsfører for Fiskarmanntallet. Deltek i møte i Teknisk Utval og Herøy Hamnestyre med tale og forslagsrett, men utan stemmerett.

1.6. Tjenstereiser utanom rettleiardistriktet.

Fylkessamling på Håholmen, Averøy 14. og 15. juni.
 Messebesøk på Aqua Nor i Trondheim 11. og 12. aug.
 Møte hos Fi.sjefen i Alesund 3.aug.
 Oppdrettsmøte på Larsnes 7.aug.
 Arsmøte Sunnmøre Fiskarlag i Alesund den 10. og 11. nov.

1.7. Nemnder og styrer for perioden 1988 - 91.Herøy FiskerinemndMedlemer:

1. Anton Leine, 6094, Leiar
2. Arne Sævik, 6094, nestleiar
4. Inge Nærø, 6094
5. Hans Sande, 6095

Pers. varamedlemer:

1. Jan Magne Kvalsvik, 6099
2. Knut Arne Høyvik, 6070
4. Jonfred Kvalsvik, 6099
5. Hans Petter Leine, 6094

Fiskarbankens TakstnemndMedlemer:

- Odd Sævik, 6094, Leiar
 Knut Sævik, 6094, nestleiar
 Elias Tjervåg, 6070, motorkunnig

Varamedlemer:

1. Reidar J. Remøy, 6094
2. Svein Rune Gjerde, 6070
3. Alf Gunnar Skogen, 6080

Herøy HamnestyreMedlemer:

- Charles Remø, 6094, Leiar
 Magne Sævik, 6090,
- Jan Magne Kvalsvik, 6099,
 nestleiar
- Reidar Hole, 6090,
 Jonfred Kvalsvik, 6099
- Erling Husøy, 6080
 Ragnhild Klungre Leine, 6094
- Palmar Kleppe, 6080
- Per Odd Paulsen, 6092

Personlege varafolk:

1. Leif K. Igesund, 6090
 2. Selma Håkonsholm, 6094
 3. Marit Skogen, 6080
 4. Jonny Sande, 6095
1. Reidar Remøy, 6094
 2. Randi A. Rønning, 6076
 3. Kjell Moltu, 6076
1. Inge Nærø, 6094
 2. Randi A. Rønning, 6076
 3. Isak Enerhaug, 6090
 4. Leif Lervik, 6070
1. Knut Sævik, 6094
 2. Ingrid Kvalsund, 6098
 3. Paul R. Kvalsund, 6095
 4. Arne Jøsok, 6080
1. Oddbjørg Remøy, 6094
 2. Ragnvald Vågsholm, 6090
 3. Hans Sande, 6095
1. Arnhild Abrahamsen, 6094
 2. Kjell Olav Kleppe, 6080
 3. Henry Berge, 6095

I nemnda vart det handsama 106 saker i 1989. Det vart halde 7 fulltallige møter, og 21 sokalla minimøter. Dette er ved handsaming av meir kurante saker kor berre formann eller ein av nemnda er tilstades. Bl.a. var 15 søknadar til Fiskeridirektoratet om ervervsloyve på fartv handsama. Det var ei samla motetid 75,5 timar.

Saker til Statens Fiskarbank.

Det vart handsama 21 søknader om forlenga avdragstid i 1989, mot 36 i 1988.

Dei fleste vart innvilga, nokon med visse forbehold.

Det vart handsama 17 søknader om likviditetstilskot med ein samla sum på kr. 3.264.077.-. Innvilga kr.240.000.- eller 7,35 %. 8 søknader om likviditetslån, samla kr.4.488.816.-. 3 vart innvilga med samla sum kr.450.000.- eller 10,02 %.

Det vart handsama 11 ordinære søknader om lån og rentestønad, samla på kr.11.605.080.-.

2 fartv søkte om kondemnering i 1989. Begge vart innvilga. Det vart og innvilga kondemneringstønad til eit fartv som søkte året fo, men som då fekk avslag grunna manglande midlar.

Totalt utestående lån i Statens Fiskarbank for Herøy var ved utgangen av året kr. 110.598.520.-.

FISKARMANNTALET.

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i riket og som har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir nytta ved tilståing av rettar og/eller sosiale stønadsordningar som gjeld for fiskara og fangstfolk. Det er "billetten" fiskara må ha for å oppnå det som tilkjem dei av tilskot, kvotar, sjukeløn, ferietilskot, A-trygd for fiskara og andre sosiale goder som er tiltenkt fiskarane.

Fiskarane blir registrert på 2 ulike "blad" i manntalet. På blad B blir dei oppførde som antas å få minst 20 vekers full beskjuftigelse i fiske og fangst, d.v.s. folk som har fiske og fangst som hovuderverv.

På blad A blir dei oppførde som har fiske som bierverv. Reglane for å stå på blad A er ikkje så strenge. Det er mest eldre fiskara som har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uføretrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til å stå på blad B.

Fiskarmanntalet og merkeregisteret for fiskefarty er kobla slik at for å ha eit farty i merkeregisteret so må eigaren eller eindel av dei som eig fartyet stå i manntalet, enten på blad A eller blad B. Det er og ei forutsening at fartyet blir nytta i ervervs-messig fiske.

Utviklinga i antal fiskara i Herøy på blad B fordelt på aldersgrupper for åra -82, -83, -84, -85, -86, -87, -88, -89.

	< 20 ANT %	< 30 ANT %	< 40 ANT %	< 50 ANT %	>50 ANT %	TOTAL ANT %
1982	49 9.0	166 30.5	107 19.7	101 18.6	120 22.0	543 100
1983	65 11.5	168 29.5	120 21.0	95 16.7	127 16.3	569 100
1984	53 8.7	203 33.6	126 20.9	100 16.6	121 20.1	603 100
1985	71 11.9	199 33.4	117 19.7	99 16.6	109 18.3	595 100
1986	70 10.3	235 34.8	149 22.0	103 15.2	119 17.6	676 100
1987	74 10.2	256 35.6	153 21.2	108 15.2	121 15.0	719 100
1988	101 14.2	241 33.8	157 22.0	107 15.0	107 15.0	713 100
1989	101 16.1	218 34.7	135 21.4	92 14.6	83 13.2	629 100

På blad A var det i 1986 91 personar, i 87 var det 92, i 88 var det 93 og ved utgangen av 1989 var det 105 personar som stod oppført på blad A.

Rekruteringa til fiskeria i Herøy er framleis god. Det vart 60 nyinmeldingar i manntalet i 1989 mot 66 året før.

Når det gjeld tala for 1988 så er ikkje dei rette. Ved ein feil på Direktoratets datalister var det ca. 35 personar som ikkje var stroke frå listene då dei vart oppretta. Totalen for 1988 skulle vere 678, så avgangen er ikkje så stor som det kan sjå ut.

Fiskeflåten i Herøy pr.31.12.88.

Storleik byggeår, avgang/tilgang 1988

Lengde i meter	Antall farty				Byggeår							
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980	Etter 1980	Totalt
	Under 9.99 m	224	14	4	214	1	1	6	23	24	105	54
10 m -14.99 m	32	3	3	32				2	3	6	21	32
15 m -19.99 m	6	0	0	6	2			2			2	6
20 m -24.99 m	4	1	0	3	1			1	1			3
25 m -29.99 m	2	0	0	2				2				2
30 m og over	32	3	4	33			1	6	5	15	6	33
Totalt	300	21	11	290	4	1	7	36	33	126	83	290

Fiskeflåten i Herøy pr.31.12.89

Storleik byggeår, avgang/tilgang 1989

Lengde i meter	Antall farty				Byggeår							
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980	Etter 1980	Totalt
	Under 9.99 m	214	71	7	150	1		2	6	14	79	48
10 m -14.99 m	32	6	0	26				1	2	6	17	26
15 m -19.99 m	6	3	1	4	1			1		1	1	4
20 m -24.99 m	3	1	0	2	1				1			2
25 m -29.99 m	2	1	0	1				1				1
30 m og over	33	3	1	31			1	7	5	12	6	31
Totalt	290	85	9	214	3	0	3	16	22	98	72	214

FISKEFLÅTEN I HERØY.

Ein kan vel trygt seie at 1989 var det året som ga det beste økonomiske utbytte for herøyflåten sett under eitt. Totalt fiska flåten for 360 millioner kroner mot 342 mill. kroner i 1988. Dette er meir enn nokon gong tidligare og er ein oppgang på nærare 19 millionar eller nærare 5%. At herøyfiskarane aukar si verdiskapning på same tid som verdien av dei samla norske fiskeria går ned vitnar om at Herøy står i ei særstilling saman med nokon få andre distrikt i landet. Det er vel helst slik at fiskarane frå Herøy av ulike årsaker ikkje har satsa sterkt på torskesektoren, og soleis ikkje blir so hardt ramma av dei begrensa torskekvotane. Samstundes som ringnotflåten hadde eit godt år med relativt gode prisar og godt fiske.

RINGNOTFLÅTEN.

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppa i herøyflåten. I 1988 vart ein ringnotbåt seld til utlandet med salgsstønad og dermed minka konsesjonskapasiteten for flåten med 5450 hl. I 1989 hadde den aktive flåten ein konsesjonskapasitet på 130.950 hl. Ytterlegare ein ringnotbåt vart seld ut av landet på slutten av året, så ved årskiftet var den aktive konsesjonskapasitet 122.850 hl og 2 "sovande" konsesjonar på 16.600 hl.

Det går stendig føre seg ei oppgradering og fornying av utstyr i flåten so ein kan trygt seie at flåten er i god stand. Det har vore ein stor fordel om det har vore økonomisk forsvarleg med ei fornying av flåten, men med dei store kapitalutgifter som krevs og med begrensa kvoter ser ikkje reiarane seg syn med det.

Med ei auke frå 155 mill. kroner i 1988 til 184 mill. kroner i 1989 befestar ringnotflåten si stilling som den viktigaste flåtegruppa i Herøy. Ringnotflåten står no for meir enn 50 % av verdiskapninga i fiskeria.

BRUTTO FANGSTINNTJEK FOR RINGNOTFLÅTEN FOR ÅRA 1984-1989.

1984: KR. 121.321.000.-
 1985: KR. 125.000.000.-
 1986: KR. 127.000.000.-
 1987: KR. 113.000.000.-
 1988: KR. 154.500.000.-
 1989: KR. 184.000.000.-

To av ringnotfartya har ikkje løyve til å drive kolmuletråling. Den eine av dei driv ombordproduksjon av frosnevarer.

INDUSTRITRÅL.

Herøy hadde 5 industritrålara i 1989. På slutten av året vart det innkjøpt ein trålar frå Smøla. Så ved årskiftet var det 6. Den sjetteste kom ikkje i fiske før på nyåret 1990. Fartya er for det meste eldre farty, men dei er moderniserte og oppgraderte so ein kan trygt seie at dei er i tipp topp stand. Det visar også igjen på resultatata. Industritrålarane frå Herøy er alltid blandt toppfiskarane i industritrålflåten. Fiskarane klagar over at trålfelta deira blir meir og meir innsnevra etterkvart som oljeverksemda vert utvida på deira tradisjonelle fiskefelt.

INDUSTRITRÅL: (forts)

Med den intense drifta til industritrålarne har dei fleste no utskiftingsmannskap. Drifta er so hektisk at mannskapet greier ikkje å stå ombord heile året. Dette gjer seg truleg utslag i betrefangstar og betre arbeidsmiljø.

Brutto fangstinntekt for industritrålarane 1985-1989.

1985: KR. 15.000.000.-
 1986: KR. 19.000.000.-
 1987: KR. 25.000.000.-
 1988: KR. 19.500.000.-
 1989: KR. 29.000.000.-

Ein vil sjå at 1988 var eit heller dårleg år, men auken i 1989 var vel og eit resultat av at fleire av fartya vart moderniserte og at tobisfisket var godt det året.

Trålskadane grunna oljeverksemda auka monaleg i 1989 mot førre året. Trålarane klagar særleg over at feltet på "Kanten".d.v.s. frå 60 N.br. til Tampen er det blitt fleire "feste" enn før. Dette var rekna for å være eit av dei felte kor dei hadde minst plage med riving og fastkjøyring.

Erstatningsutbetaling

År:	Antal søknader:	Innvilga:	Sum:
1987	20	18	Kr. 551.060.-
1988:	4	1	Kr. 17.600.-
1989	10	7	Kr. 296.640.-

Arsaka til den store nedgangen i skadesøknader og erstatningar i 1988 er litt usikker. Men etter opplysningar frå Direktoratet er ikkje trenden spesiell for trålarane frå Herøy. Der meiner dei at hovudsaka er det opprydningsarbeidet som er gjort i Nordsjøen. I samheng med arbeidet vart også "hefta" nøyaktig innplotta på karta så dei er lettare å gå klar for fiskarane.

REKETRAL.

Den eine frysereketralaren frå Herøy forliste i slutten av november i 1988 så i 1989 var det 4 igjen. 3 av desse har sokalla "Grønlandskonsesjon". Reka i Barentshavet som var nesten vekke i åra 85-86-87 kom igjen i 1988 og 1989.

Båtane frå Herøy har ikkje dreve særleg på felte i Barentshavet. Reka der er vanlegvis små og mestedelen er sokalla industrireke som blir levert til pillareke.

Dei felte som blir brukt av båtane frå Herøy er Aust Grønland, Jan Mayen og Svalbardfelte. Der finn dei den største reka som betingar høgre prisar.

BRUTTOFANGST FOR REKETRALARANE 1985-1989.

1985: KR. 59.000.000.-
 1986: KR. 82.000.000.-
 1987: KR. 88.000.000.-
 1988: KR. 91.000.000.-
 1989: KR. 87.000.000.-

Forts.

BANKLINE. GARN - OG KYSTFLÅTEN.

Gruppa som omfattar autoline, garnbåtar og kystfiskargruppa som driv kombinasjonsfiske med garn, line, not og snurrevad er den største i antal og det er litt vanskelig å anslå det økonomiske resultat for dei ein-skilde gruppene.

Etter at Garantikassa har bygd ut datasystemet sitt kan dei no på førespurnad levere ulik statistisk materiale.

Fiskerirettleiaren har fått tilsendt statistikk over antal farty med levert bruttofangst/og/driftstid for dei ymse båtstørrelser.

Det viser seg at det er 32 farty under 10 m som har levert fangster som er registrert i Garantikassen. Dette er dei vanlege sjarkane med kombinasjonsdrift. Torskefiske med garn om vinteren og linedrift resten av året. Av dei 32 sjarkane er det 15 dreiv heilårsfiske. D.v.s. dei hadde ei driftstid på meir enn 40 veker. Heilårsfiskar er definert på ulike måtar, men her reknas heilårsfiskara dei som har ei driftstid på 40 veker. Det er dei som driv sjarken sin heile året.

Gjennomsnittsfangst for dei 32 båtane under 10 m som Garantikassen har data for er kr. 118.179.- for 1989. For dei 15 som dreiv meir enn 40 veker er tala kr. 207.827.- Samla fiska dei 32 båtane for kr. 3.781.749.- For farty i gruppa 10 til 20 m er gjennomsnittet kr. 308.095.-. Samla fangst for dei 23 båtane i gruppa var kr. 7.806.201.-.

For autoline-garn og kystnot var fangstverdien ca. kr. 45.000.000.-.

1989 var det året da det blei innført forbod mot å fiske torsk med konvensjonelle reidskaper frå 18. april. Det vart eit ramaskrik over heile kysten, men rimeleg nok ramma det ikkje den mindre kystflåten på Møre slik som lenger nord. Torskefisket på våre kantar er som oftast slutt i månads-kiftet april - mai og det gode hysefisket seinare på hausten gjorde at resultatet på årsbasis blei brukbart for heilårsfiskarane frå Herøy.

Det blei ei hektisk tid på Fiskerikontoret då J-melding 206/89 datert 11.12.89 kom oss i hende. Den inneheldt forskrift for deltaking i torskefisket for 1990. Vi fekk og ei liste over dei som fyllte krava om deltaking. Det viste seg då at mange av dei som dreiv sjarkfiske på heilårsbasis ikkje fyllte krava som var sette for å få kvote. På kontoret her såg vi med gru på framtida.

Men den historia kjem i neste årsmelding.

SERVISE FOR FISKEFLÅTEN.

Det er to skipsverft i kommuna som driv med skipsbygging og reparasjon av større fartøy. Det eine har flytedokk som kan ta farty opp til 60 meters lengde. Det er ellers fleire små verksemdar som tar på seg reparasjon og vedlikehald av mindre farty.

I Fosnavåg er det og eit notbøteri med skipshandel. Dei har og service for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri, dei driv og med opplagsplass for mindre båtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy. Den eine og med ein assortert skipshandel. Fabrikkane er i seinare åra mykje fornya, og dei leverer produkta sine over heile landet.

Bøteria og reidskapsfabrikkane sysselset i perioder 50-60 personar og ein stor del av dei er kvinner.

Utviklinga med stadig meir elektroniske og elektriske apparater ombord i fiskebåtane set store krav til apparater ombord i fiskebåtane set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinnstallasjonar. Det er ei forretning i Herøy som har spesialisert seg på dette og ei anna driv også i bransjen, men i mindre målestokk.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte rekneskapskontor. Det er fleire av dei i kommuna og Skipsregnskap A/S er det største. Dei har rekneskap og tildels administrasjon for dei fleste større farty i kommuna.

OPPDRETTSNÆRINGA.

I Herøy har vi 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure. Det er ett anlegg for oppdrett av torsk og ett landbasert anlegg for oppdrett av kveite. Dei har førebels dreve mest med produksjon av rogn. Klekking har gått føre seg på Sea Farm sitt anlegg i Hordaland. Det er meininga at anlegget til Møre Marinfisk på Eggesbønes seinare skal byggast ut vidare. Det er her snakk om store investeringar i størrelsesorden 15-20 mill. kroner. Det er og ett settefiskanlegg med ein konsesjon på 360.000 stk. Herøy Vdg. Skule har ein FOU-konsesjon i samarbeid med settefiskanlegget "Øyralaks" på Moldtustranda på 2000 kubikkmeter.

I 1989 vart næringa spesielt på Sunnmøre ramma av furunkolose. Anlegga i Herøy gjekk lenge klar sjukdommen, men 3 av anlegga vart og her smitta. Det var berre eit anlegg som ikkje det vart konstatert smitte i.

Det var krisestemming i heile næringa då veterinærmyndigheitene ikkje såg anna løysing på sjukdomsproblema enn å gå til ei drastisk nedslakting og brakklegging på heile Sunnmøre. Etter ei hektisk møteverksemd og god vilje frå alle partar kom ein fram til den sokalla "Sunnmørsmodellen". Den bygger på vekselbruk og adskilte generasjonsutsett på eksisterande eller nye lokalitetar. Helst då med samarbeid med fleire anlegg saman.

Produksjon og verdi.

1987.

3 anlegg. Produksjon: 681 tonn. Verdi kr. 30.000.000,-
Gjennomsnittspris, totalt kr 44,-.

1988.

4 anlegg. Produksjon: 945 tonn. Verdi kr. 35.000.000,-.
Gjennomsnittspris, totalt kr. 37,-.

1989.

4 anlegg. Produksjon: 860 tonn. Verdi kr. 25.400.000,-.
Gjennomsnittspris, totalt kr. 29,5.

Verdireduksjonen og kvantumsreduksjonen i 1989 gjenspeglar den generelle situasjon i oppdrettsnæringa med lavare pris og minkande kvanta grunna sjukdom.

Her på kontoret har ein merka ei minkande interesse for oppdrett. Årsaka er vel dei problema som næringa har hatt i det siste. Gebyra som no må betalast er vel og ein medverkande årsak. For Herøy sitt vedkomande er det no snart ikkje fleire høvelege lokalitetar igjen for oppdrett i sjø. Ein må i framtida basere seg på landbaserte anlegg hvis det skal skje ei vesentleg utviding av oppdrettsnæringa i kommuna.

FISKEINDUSTRIEN I HERØY.

Herøy har framleis ein variert fiskeindustri. Sjøl om det har minka med anlegg som tek imot fisk siste året. Oddvin Bjarge A/S på Eggesbønes har lagt ned all produksjon av fisk og anlegget blir no berre brukt til oppdrett av marine arter. Også Kvalsundfisk A/S har praktisk talt slutta med fiskekjøp sjøl om firmaet ikkje er avvikla. Ein håpar at dei kan kome igong igjen. Det er no eit firma som driv med produksjon av saltfisk/klippfisk, samt eksport av ferskfisk. Dei har og fryseri. Fosnavåg Fryseri er igong med ei større utbygging, og vil få eit heilt moderne mottaksanlegg for fisk, sild og makrell. Det er to hermetikkfabrikkar som leverer eit vidt spekter av produkter. Det er dessutan 3 røkeri og ein sildoljefabrikk. Det er og 2 lakseslakteri. Eitt i Fosnavåg og eitt på Moltustranda. Sildoljefabrikken er ein av dei store arbeidsplassane i kommuna med 40 ansette. Ved fabrikk blei det i 1989 oppført nytt bygg for maskineriet for produksjon av LT-mel samt andre bygningsmessige forbetringar. Det vart investert for 15-20 mill. kroner og fabrikk er no millom dei beste i landet. Det er spesielt viktig for ringnotflåten i Herøy å ha eit slikt mottak i kommuna. Fiskeindustrien og verksemdar med tilknytning til fiske i kommuna hadde i 1989 fylgjande sysselsetningseffekt:

Arsverk: Menn: 141 årsverk. Kvinner: 98 årsverk.

Sildefiskernes Fabrikklag, Moltustranda.

Råstoffmottak i HL. 1988.		Råstoffmottak i HL. 1989.
Vintersild:	4.945	7
Nordsjøsild:	14.651	34.983
Kolmule:	523.532	592.366
Makrell:	154.394	77.030
Augepål /Vassild:	41.586	45.817
Tobis:	24.407	87.686
Vinterlodde:	83.415	58.513
Sumarlodde:	12.916	60.010
Annet:	10.997	25.591
		<u>Hestemakrell: 89.538</u>
<u>1988</u>	<u>870.834</u>	<u>1.055.160</u>
<u>1987</u>	<u>801.012</u>	
<u>1986</u>	<u>921.012</u>	
<u>1985</u>	<u>876.674</u>	
<u>1984</u>	<u>834.850</u>	
<u>1983</u>	<u>708.848</u>	

GARANTIKASSEN FOR FISKERE.

Garantiordningen for fiskere i Trondheim blei oppretta 1. jan 1980 og administrerar ordningene med garantilott (minstelott), feriepengar, arbeidsledighetstrygd og ymse andre stønadsordningar.

Ferieordningen.

Lov om ferie for fiskere omfattar alle som utfører arbeid ombord i farty, og får sin godtgjørelse med lott.hyre, lønn eller på tilsvarende måte.

Feriepengane består av innbetalt avgift frå den enkelte fiskar og eit beløp avsett over fiskeristøtten (Statsandel).

Feriepengar fekk ein når fylgjande forhold var oppfylt:

- hadde minst 2 veker på fiske i opptjeningsåret.
- sto oppført på blad B i fiskarmanntalet, eller fyllte betingelsene for opptak på blad B.

1986:

Antal personar:	Eigenandel	Statsandel	Total
564	Sum Kr. 2.363.555,-	Kr. 1.843.154,-	Kr. 4.206.709,-
	Gj.snitt: Kr. 4.190,-	Kr. 3.260,-	Kr. 7.458,-

1987:

622	Sum Kr. 2.283.572,-	Kr. 1.597.469,-	Kr. 4.421.041,-
	Gj.snitt: Kr. 4.539,-	Kr. 2.568,-	Kr. 7.107,-

1988

617	Sum Kr. 3.069.607,-	Kr. 1.652.064,-	Kr. 4.721.671,-
	Gj.snitt Kr. 4.638,-	Kr. 2.627,-	Kr. 7.266,-

1989

618	Sum Kr. 3.111.679,-	Kr. 1.683.909,-	Kr. 4.795.588,-
	Gj.snitt Kr. 5.035,-	Kr. 2.724,-	Kr. 7.759,-

Utbetalingane i 1989 har auka litt og det gjenspeglar vel den auka fangstverdien siste året. Talet på fiskara som fylte krava til ferietilskot held seg forbausande stabilt.

Arbeidsledighetstrygd.

Omfattar alle fiskarar oppført i manntalets blad B, sysselsatt ombord i merkeregistrert farty. Rett til A-trygd har ein ved ei rekke tilfelle når fartyet er satt ut av drift, f.eks. ved forlis, havari, ishindringar o.s.v. Dagpengesatsen var Kr. 250,- pr dag 6 dagar pr. veke.

A-trygd ordningen blir finansiert innafor det beløp som fiskarane betaler inn i produktavgift ved førstehandsomsetning av fisk og fiskevarer.

Utbetalt til Herov i 1986.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 293.694,-	103	1579
2. (01.05.-31.08.)	" 187.689,-	182	964
3. (01.09.-23.12.)	" 154.306,-	83	885
SUM	Kr. 626.689,-	368	3428

FORTS.

FORTS.Utbetalt til Herøy i 1987.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 310.786,-	130	1701
2. (01.05.-31.08.)	" 324.198,-	152	1743
3. (01.09.-23.12.)	" 199.578,-	115	1073
SUM	Kr. 834.562,-	397	4517

Auken på over kr. 200.000,- i utbetalt A-trygd i 87 kjem mest frå gruppa havari.

Utbetalt til Herøy i 1988.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 562.000,-	118	3051
2. (01.05.-31.08.)	" 256.000,-	97	1395
3. (01.09.-23.12.)	" 447.000,-	79	2431
SUM	Kr. 1.265.000,-	294	6877

Utbetalt til Herøy i 1989.

1. (02.01.-30.04.)	Kr. 482.000,-	85	2604
2. (01.05.-31.08.)	" 375.000,-	53	1513
3. (01.09.-23.12.)	" 583.000,-	86	2334
SUM	Kr. 1.440.000,-	224	6451

Statistikken for A-trygd er ikkje direkte sammenlignbar, da satsen for dagpenge er heva fra kr. 186,- til kr. 250,-. Og tida ein kan få A-trygd er auka fra 20 til 40 veker.

GARANTIORDNINGEN (Minstelott).

Ordninga omfattar alle fiskarar på farty som var førd inn i merke-registeret for norske fiskefarty, soframt fisket var dreve minst 22 dagar og høvedsmann stod på blad B i fiskarmanntalet. Tilskotet frå GFF blei rekna ut på grunnlag av oppnådd lott og fisket hvis dette slår feil, heilt eller delvis.

GARANTILOTT utbetalt til Herøy i 1986,-87,-88 og 1989.1986.

Garantiperiode	Beløp	Ant.farty	Ant.mann
1. (02.01.-30.04.)	Kr.553.200,-	15	52
2. (01.05.-30.08.)	" 461.200,-	12	36
3. (01.09.-23.12.)	" 177.000,-	11	21
TOTAL	Kr.1.191.400,-	38	109

1987.

1. (02.01.-30.04.)	Kr.446.300,-	26	65
2. (01.05.-31.08.)	" 322.300,-	27	70
3. (01.09.-23.12.)	" 294.400,-	18	36
TOTAL	Kr.1.083.000,-	71	171

FORTS.

FORTS.1988.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant.farty</u>	<u>Ant.mann</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 833.600,-	41	77
2. (01.05.-31.08.)	Kr. 460.900,-	26	65
3. (01.09.-23.12)	Kr. 609.100,-	33	64
<u>TOTAL</u>	<u>Kr.1.903.600,-</u>	<u>100</u>	<u>206</u>

1989.

<u>Garaantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant.farty</u>	<u>Ant.mann</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 288.000,-	17	32
2. (01.05.-31.08.)	Kr. 450.800,-	23	45
3. (01.09.-23.12.)	Kr. 419.600,-	17	37
<u>TOTAL</u>	<u>Kr.1.158.400,-</u>	<u>57</u>	<u>114</u>

Utbetalingane til garantilott gjekk drastisk ned i 1989 trass i at garantilotten vart heva til Kr. 1800.-. Det er igjen det generelt betre resultat for den minste flåtegruppa som visas igjen i tala.

LINEEGNESENTRALER I HERØY.

I 1988 var det 8 lineegnesentraler i Herøy, det vart oppretta 3 til i 1989 so talet er no 11. I heile fylket er det 24 sentraler. Det er ulik aktivitet på dei ulike sentralane, men tala nedanfor gjenspeglar i hovudsak skilnaden mellom dei farty som driv heilårsfiske og dei som driv meir leilighetsvis.

Tabellen visar aktiviteten til dei ymse sentralane i 1989.

	Ant.krok x 100	Fangst i tonn	Ant. farty	Ant. sjøvær	Fangst pr.100 krok	Fangst kg. pr.sjøvær
Bøe og Sande	257	3.6	1	7	14.00 kg	514 kg
Fosnavåg	13.037	208.5	13	285	16.00 "	731 "
Frøystadvåg	5.863	31.7	3	50	11.90 "	634 "
Kvalsund	1.860	31.2	1	29	16.70 "	1075 "
Kvalsvik	397	7.9	1	8	19.80 "	987 "
Leine	1.164	16.4	5	36	14.08 "	455 "
Nerland	2.619	51.4	1	30	19.60 "	1713 "
Runde	1.812	30.3	2	32	16.70 "	946 "
Sjøstrand	228	2.8	1	2	12.30 "	1400 "
Teige	1.140	18.6	1	25	16.30 "	744 "
Torvik	616	11.7	1	19	18.90 "	615 "
SUM	28.993	414,1	30	523	176.28 kg	9.814 kg

Fangst gj.snitt for alle pr. 100 krok: 14.28 kg.

" -----"----- pr. sjøvær: 791 kg.

" -----"----- pr. farty: 13.803 kg

For dei 13 sentralane i fylket utanom Herøy er tala slik:

Ant.krok x 100	Fangst i tonn	Ant. farty	Ant. sjøvær
28.122	350.1	34	566

Fangst gj.snitt for alle pr. 100 krok: 12.45 kg.

" -----"----- pr. sjøvær: 618 kg.

" -----"----- pr. farty: 10.297 kg.

Som det går fram av tala ligg Herøy litt høgare både når det gjeld både fangst pr.100 krok, pr. sjøvær og pr. farty. Men tala er ikkje direkte samanlignbare då det er stor forskjell på dei ulike egenesentralane både når det gjeld Herøy og fylket ellers med omsyn til aktivitet.

Tilskotsatsane var kr.10.- pr. 100 krok i juni, juli og august. For resten av året var satsen kr. 5.- pr.100 krok.

I S K E S O R T

L E V E R A N S E H O V E D P R O D U K T

Rogn

	FERSKVEKT	RUNDVEKT	UTBETALT	OMSATT	HEKTOLITER	Vekt	Utbetalt
ODDE	11,533,474	11,533,474	6,848,597	7,229,172	113,901		
TRON-/VASSILD	2,003,830	2,003,800	1,137,549	1,149,039	20,023		
VEITE	37,134	50,131	1,016,591	1,000,787	0		
BLØKKVEITE	288,061	345,673	1,973,694	1,967,148	0		
ENNEN FLYNDRE	3,455	4,158	20,268	17,899	0		
EROSNE	545,917	764,205	3,746,598	3,182,575	0		
ENNEN TORSK	1,210,511	1,694,715	12,690,212	11,627,793	0		
YSING	2,355	3,297	16,058	14,732	0		
ANGE	501,225	701,716	3,390,342	5,098,942	0		
BLÅLANGE	11,106	15,548	89,972	85,444	0		
RYSE	929,945	1,301,923	8,050,478	7,439,364	0		
REI	2,287,670	3,088,354	12,032,542	10,658,809	0		
LYR	33,320	43,317	206,752	165,780	0		
RYEPÅL	2,577,900	2,577,900	1,629,015	1,761,934	25,777		
KOLMULE	54,723,099	54,723,099	39,211,008	39,055,419	594,816		
HVITTING	220	308	887	600	0		
STEINBIT	15,720	25,939	89,467	81,613	0		
TØBIS	8,511,400	8,511,400	6,700,243	6,682,991	85,114		
NER	489,773	808,126	2,401,062	2,352,969	0		
BREIFLÅDD	9,746	27,208	223,726	217,188	0		
WESTMAKRELL	7,317,989	7,317,939	5,553,030	6,111,427	81,311		
FEITSILD	1,046,366	1,046,366	1,933,598	1,934,087	11,251		
FINTERSILD	428,855	428,855	658,284	677,203	4,611		
ESLANDSSILD	0	0	0	0	0		
HORDSØSILD	3,253,419	3,253,419	2,638,096	2,867,188	34,933		
MAKRELL	8,271,541	8,271,541	10,804,202	11,325,503	91,906		
ESBRANN	285	371	2,433	2,433	0		
PIGGHE	605	707	2,359	1,969	0		
SKATE/ROKKE	281,591	281,691	810,246	759,846	0		
HUMMER	335	335	34,232	34,232	0		
ECKE	3,175,538	3,175,538	48,976,173	48,976,169	0		
HODER	0	0	773	773	0		

TOTALT 109,492,474 112,001,351 174,898,433 172,497,528 1,068,711 100,759 1,052,292

TABELLTOTALER 109,593,271 112,001,351 175,950,736

Lokaliteter for oppdrett
i Herøy 1989.

- Laks og aure ▲
- Torsk ■
- Landbasert Kveite ●
- Settefisk X

